

Saneringsnytt nr 1-2005

Innhald

- Interesse for sanering 2005
- Handel med livdyr
- Nye prosjektkoordinatorar
- Ny prosjektgruppe
- Regionale møte
- Avl og Semin

Interesse for sanering 2005

Etter at det vart løyvd meir pengar til Friskere geiter, slik at prosjektet kunne halde fram, har interessa auka. Vi kunne tenkt oss endå nokre fleire deltakarar i 2005, men talet på sanerte buskapar pr år går oppover, så vi er på rett veg. I tabellen til venstre er det lagt inn dei tala vi kjenner frå tidlegare år, samt det talet som vi forventar i år. Det siste er sjølvsagt ikkje sikkert enno, men det gjev oss ein peikepinn på at farten i arbeidet aukar.

Sanering og kartlegging pr år			
år	buskapar	sanerte dyr	dyr totalt
1994	1	94	94
1996	1	80	80
2000	1	21	40
2001	1	0	127
2002	11	1130	1322
2003	5	411	509
2004	14	401	1024
2005	25	1827	2125
	59	3964	5321

Vil de lesa meir om det som er gjort i 2004, kan de finne **årsmeldinga for 2004** på internett:

http://leine.no/htg/sanering/info/Friskere_geiter_2004.pdf

Handel med livdyr

Interessa for livdyrhandel i samband med sanering har teke seg opp i deler av landet.

I Saneringsnytt nr 4-2004 vart livdyrsalg omtala mykje. De som ikkje har fått dette nummeret kan sjå det på Internett: <http://leine.no/htg/sanering/nytt/San404.pdf>. Her står det litt om kva ein skal tenkja på når ein sel og kjøper livdyr. I denne fasen av saneringsprosessen er livdyrhandel heilt nødvendig, men det er difor ekstra viktig at både kjøpar og seljar er klar over at det medfører ein risiko å flytta dyr til ein ny buskap.

Rett pris på livdyr er også mykje diskutert. Det ein kan seia generelt er at det skal løne seg å selje livdyr, men prisen bør heller ikkje vera urimeleg høg. Dette er eit samarbeidsprosjekt og har kan alle hjelpa kvarandre i ulike fasar av prosessen. Vi har laga eit rekneark til formålet. Dette ligg også på Internett: <http://leine.no/htg/sanering/info/salg/pris-kje.xls>

Nye prosjektkoordinatorar

Prosjektet har utvida staben sidan nyttår.

I Nord-Norge er Trond Pettersen komen i gang som prosjektkoordinator. Han er godt kjent i miljøet, og han er blitt svært godt motteken blant alle som interesserer seg for og arbeider med geit i landsdelen.

Han har telefon 77 17 44 46 og E-postadresse: trond.pettersen@salangen.net.

I Møre og Romsdal har Gunnar Valdahl vore aktivt med i prosjektet sidan starten. Han har no fått eit koordineringsansvar i fylket, og vil vera den rette å kontakte for folk som bur der.

Han har telefon 70 25 77 48 og E-postadresse: gvalda@online.no

Vi vil høyre meir frå både desse i tida som kjem.

Ny prosjektgruppe

Prosjektgruppa er også endra. No er alle regionane til TINE med i gruppa. Det vil gjera informasjonsgangen lettare og det blir enklare å samorden arbeidet.

Gruppa ser no slik ut:

Trond Pettersen, Jan Morten Estil, Helga Kvamsås, Atle Drangevåg, Solfrid Steen, Ingunn Nævdal, samt prosjektleiaren og sekretæren i Helsetjenesten for geit, Tor Lunder.

Regionale møte

Vi har i år tenkt å halde regionale møte for rådgjevarar i TINE og veterinærer. Vi starta alt i fjor med møte for veterinærane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I år har vi avvikla to møte for geiterådgjevarar i TINE, eitt i Gudbrandsdalen og eitt i Tromsø. Veterinærmøte for Nordland og Troms er planlagt i mars. Vi har også tenkt å samle prosjektdeltakarar, og dette vil vi koma tilbake til.

Avl og semin

Av Ingunn Nævdal, rådgiver, geitavl, NSG. Medlem i prosjektgruppa

En gruppe nedsatt av Avlsrådet for geit i NSG har utarbeidet regler for en seminring. Seminringen er et samvirketiltak hvor geiteholdere samarbeider om å gjennomføre et godt avlsarbeid.

Avkomsgranskningen av bukker skal skje ved bruk av semin.


For å bli medlem i seminringen, og være med på avkomsgranskninga av seminbukker, er det ikke krav om deltakelse i Friskere geiter. Det vil imidlertid være krav om at prøvebukkene som skal inn på seminstasjonen skal rekrutteres kun fra besetninger som er med i et helseprogram (som for tiden er prosjekt Friskere geiter). Det vil komme mer informasjon om seminringen når reglene er godkjent av styret i NSG.

NSG Semin AS jobber med å etablere en egen seminstasjon for bukker i Hamar-området. Denne vil ikke stå klar før tidligst 1. august og det vil dermed ikke bli sendt ut sæddoser før rundt 20. august. De som har paring før denne tid vil dermed ikke kunne inseminere med sæd fra "friske" bukker i år. Det mangler ennå noen inseminasjonsrapporter fra seminforsøket på geit i 2004. De foreløpige resultatene viser 42 % tilslag ved ett innlegg og 56 % tilslag ved to innlegg (samtidig). Resultatene har blitt litt bedre for hvert forsøk som har vært gjennomført (se figur 1) og NSG Semin AS vil derfor nå søke Mattilsynet om å få godkjent eierinseminering av geit. Hittil har eierinseminering kun vært godkjent i forbindelse med forsøk. Seminforsøk på geit vil likevel, i regi av Team Semin, bli videreført og årets forsøk er under planlegging.

Høsten 2004 ble det sendt ut skjema til deltakere i Friskere geiter med forespørsel om bukker og eventuelle salg av døtre. Dette ble gjort for å få oversikt over potensielle seminkandidater og for å se om det var bukker som kan bli avkomsgranska på grunnlag av salg av døtre til andre besetninger. Nå er flere kommet med i prosjektet og det vil bli sendt ut skjema også til disse besetningene. Det er viktig at vi får oversikt over bukker som er kåra, som har god avstamning og med det kan være aktuelle å ta inn til seminstasjonen i august.

Med seminringen på plass vil avlsopplegget komme inn i mer ordnede forhold. Når det gjelder kjeingssesongen nå så oppfordrer vi dere til å ta godt vare på bukker som blir født i år etter eliteparing/inseminering og som er kåringskandidater. Disse kan bli aktuelle for innsett på seminstasjon som prøvebukk, kanskje allerede i år, men særlig med tanke på neste år.

For å sikre genetisk variasjon i avlspopulasjonen videre vil det være aktuelt i noen år fremover å snappe bukker fra besetninger som ennå ikke er i gang med sanering. Bukkene må da stå i et smittefritt oppdrett frem til de er aktuelle for innsett på seminstasjonen. Retningslinjer for et slikt opplegg kan komme fra sentralt hold, men det kreves interesse for dette hos bukkeringer og lokalt engasjement generelt for å få dette til i praksis.



Figur 1: Resultater fra seminforsøk de siste tre år. "Syk" betyr bukker fra ikke-sanerte besetninger, mens "frisk" betyr bukker fra sanerte besetninger. "Totalt 2004" er en sammenslåing av begge puljene med bukker.